



Årsmelding for trimgruppa i Hareid IL – arbeidsåret 2022

Møteaktivitet: I løpet av arbeidsåret har det vore halde 5 styremøte + gruppeårsmøte og premiemøte for fjellorienteringa.

Arbeidsåret starta med eit styremøte **27. januar** der førebuing av gruppeårsmøtet 10. februar var hovudsak.

*

GRUPPEÅRSMØTE

Under gruppeårsmøtet **10. februar** 2022 vart det attval over heile linja, slik:

Bernhard Harkjerr 2 nye år, det første som leiar.

Gunn Bente Drevland 2 nye år, nestleiar.

Leiv Arne Grimstad ikkje på val, skrivar.

Lisbeth Hareide Longva 2 nye år, styremedlem.

Andreas Moldskred 2 nye år, styremedlem.

Hildegunn Thomassen ikkje på val, styremedlem.

Varafolk:

Irene Fjelle ikkje på val, Odd Elvanes ikkje på val.

Valnemnd:

Leiv Arne Grimstad 2 år, Hildegunn Thomassen 1 år.

Merknad frå gruppeårsmøtet: Trimgruppa har ikkje hatt innsyn i bilaga til årsmeldinga.

*

PLANLEGGINGSMØTE FJELLORIENTERINGA

24. mars heldt styret planleggingsmøte for fjellorienteringa 2022 (den 33. i rekka) med plassering av postar og fordeling av ansvar når det gjeld kart-trykk, fordeling til butikkane som skal selje og kunngjering av oppstart i lokalavisa og på eigne nettsider. Roar Snipsøy gjer postane klare til henting heime i Snipsøydalen. Karta var som tidlegare til sals før 1. mai. I møtet vart det også lagt fram ein merkeplan for råsene i Hareidsfjella og Brandalsfjella v/Andreas Moldskred.

GRUPPA SITT BIDRAG TIL 100-ÅRSFEIRINGA

Eit planlagt styremøte 5. mai vart utsett til **19. mai**. Her stod planlegging av trimgruppa sitt bidrag til 100-årsfeiringa på kartet. Styret sa ja til å halde to jubileumsfjellturar laurdag 18. juni, begge med start frå ballbingen ved Hareid skule. Ein lang tur fram gangvegen til Bjåstad, opp til Skafjellet og heimover via Holstadhornet. Ein kort tur opp til Sommarfjøsena ved Håbakknotten via Køyrevegen. Til begge turane skulle LAG lage ein tilpassa kviss. Tre deltakarar på kvar av turane skulle bli uttrekte og få premie.

I dette styremøtet vart det også teke bilde av trimgruppestyret til bruk i Hareid IL si 100-årsbok. Andreas Moldskred kunne elles melde at kulturdirektøren i fylket hadde løyvt 17.000 kroner til skiltingsarbeidet vårt i Hareids- og Brandalsfjella.

100-ÅRSFEIRING I RUSKEVÊR

Laurdagen **18. juni** opprann – med ruskevêr – og vi forstod tidleg at dei to jubileumsmarsjane ikkje kunne bli særleg suksessfulle. Tre frå trimgruppa + to andre møtte ved ballbingen, og oppe på Skafjellet viste vindmålaren full storm, så sjølv om det hadde slutta å regne, var det berre å droppe den lange turen og i staden gå lisjeturen samla opp til Sommarfjøsena - alle fem.

FRILUFTSGUDSTENESTE

Søndag **18. august** deltok Bernhard og LAG under Hareid sokn si friluftsgudsteneste i Alskleiva. 150 fram møtte. Vi stilte opp med lodd og premiar.

STATUS FJELLORIENTERINGA

I styremøtet **5. oktober** var statusen for fjellorienteringa hovudsak.

FØREBUING PREMIEFEST

I styremøte **10. november** vart den aller siste førebuinga til premiefesten for fjellorienteringa 2022 halden. Same opplegg som året før: pokalar for kvart 5. deltakarår, krystallar til dei til og med konfirmasjonsalder pluss uttrekking av 6 gåvekort. Vi hadde selt 299 kart, som var ein forventa nedgang frå året før, då det vart selt 350 kart. Av dei 299 karta vart 162 innleverte for premiering og registrering. Roar Snipsøy, som har hatt vedlikehaldet på skilta i mange år, har sagt frå seg, så dette arbeidet må vi ta på dugnad til 2023-sesongen – med utgangspunkt i å bruke dei skilta vi alt har. I møtet vart det elles understreka at det er trong om oppfrisking av råsa over myrane mot Hovdenakken og råsa opp mot Holstadhornet frå Håbakknotten.

BETRE FRAMMØTE ENN ÅRET FØR PÅ PREMIEFESTEN

Trass i ein viss nedgang i kartsalet var det faktisk betre fram m øtte til premiefesten for fjellorienteringa i år enn i fjor. Festen vart halden på Hareid klubbhus torsdag **17. november**. Roar Snipsøy fekk takk og heider for å ha teke på seg vintervedlikehaldet av postane i ei årrekke. Deretter var det utdeling av årspremiane (pokalar og krystallar). Som avslutning vart 6 gåvekort a 500,- kroner uttrekte mellom dei som hadde levert inn kart og teke 12 eller fleire av dei 25 postane. Vinnarar i år vart: Torstein Holstad Sivertsen, Hege Sandnes, Torill Åker, Inger Johanne Drevland, Hildegunn Thomassen og Arne Dimmen.

Pokalvinnarar:

20 ÅR (4): Gunn-Bente Drevland, Gerd Lykstad, Otto Arne Røyset, Olav Jon Bjåstad.

15 ÅR (3): Linda Sørheim Bigset, Birgit Baade Sunde, Torstein Holstad Sivertsen.

10 ÅR (9): Arne Dimmen, Bjørn Harald og Grete Harkjerr, Margit Nytun, Jorunn Strande, Turid Sundal, Anders Hjelle Øiestad, Nathaniel Øvrelid Skeide, Mina Øvrelid Skeide, Hildegunn Bjåstad.

5 ÅR (11): Grete Elvanes, Gunn-Berit Gjerde, Cassandra B. Hjelmtveit, Bjørn Sverre Holme Juliussen, Gullvald Kløvning, Dorthea Midtflø Moldskred, Knut Tandberg, Per-Arne Østrem, Kirsti og Per Øvrelid, Hege Sandnes, Stella Øvrelid Skeide.

Krystall-vinnarar:

Stor krystall (6): Jørund Vatne Eriksen, Katharina Hohfeld-Nesset, Alida Jonsrud Rise, Leander Jonsrud Rise, Tobias Jonsrud Rise, Robin Slettevoll.

Liten krystall (17): Sigrid Brandal Drevland, Erling Vatne Eriksen, Eik Hareide Hammervold, Emil Hareide Hammervold, Trym Hareide Hammervold, Theo Dimmen Haraldsvik, Cassandra B. Hjelmtveit, Mia Hoddevik, Kine Leirbekk Husøy, Oscar Elijah Leirbekk Husøy, Julie Sjøstad Kleppe, Johan Lien Kleppe, Nikolai Lien Kleppe, Andreas Midtflø Moldskred, Dorthea Midtflø Moldskred, Olav Hjørungdal Pilskog, Vilde Slettevoll.

Trass i konkurranse med Stikk-Ut kjem trimgruppa til å satse på fjellorientering også i 2023.

GRUPPEÅRSMØTE TORSDAG 16. FEBRUAR 2023

Hareid klubbhus klokka 19.

Tilstades: Bernhard Harkjerr, Andreas Moldskred, Leiv Arne Grimstad, Gunn Bente Drevland og Hildegunn Thomassen.

Gunn Bente Drevland vart vald til møteleiar.

Leiv Arne Grimstad vart vald til referent.

Til å skrive under møtereferatet vart møteleiar og Andreas Moldskred valde.

Årsmelding for arbeidsåret 2022 vart lagt fram av skrivar Leiv Arne Grimstad – og godkjent.

Gunn Bente Drevland refererte den framlagde rekneskapen. Årsmøtet kommenterte at det det var vanskeleg å tolke dei enkelte reknekapskontoane. Rekneskapen vart levert seint før gruppeårsmøtet og vi har ikkje sett bilaga. Det kunne vere ønskeleg med ei bilagsliste. Vi etterlyser også renteinntekter på eit så stort bankinnskot som trimgruppa har (kr. 222.136,00).

Bernhard Harkjerr la fram eit budsjett for arbeidsåret 2023 med inntekter på kr. 30.200 og utgifter på kr. 30.400.

VAL AV NYTT STYRE OG VALNEMND:

Det vart attval over heile linja, slik:

Bernhard Harkjerr, leiar (ikkje på val)

Gunn Bente Drevland, nestleiar (ikkje på val)

Leiv Arne Grimstad, skrivar, 2 nye år

Lisbeth Hareide Longva, styremedlem (ikkje på val)

Andreas Moldskred, styremedlem (ikkje på val)

Hildegunn Thomassen, styremedlem, 2 nye år

Varafolk:

Irene Fjelle (ikkje på val)

Odd Elvanes, 2 nye år

Valnemnd:

Leiv Arne Grimstad 1 år, Hildegunn Thomassen 2 år

LAG, skrivar, Hareid 16. februar 2023